

Møtereferat

Dato: 13.04.2016

| | | |
|-------------|---|----------------------------|
| Emne: | Referat frå skulebesøk på Amalie Skram vgs, 5.4.16 | |
| Til stades: | Frå skulen: rektor Bjørn Lyngedal, ass. rektor Olaug Ø. Engesæter, avd. leiar Helge Bohne, avd. leiar Maria S. Olsen, avd. leiar Lars Berntsen, avd. leiar Torrey Hummelsund, fagleiar Inga Heggstad, elevinspektør Grete Rye, adm. leiar Kristine S. Stenhaus, ATV Udf Heidi R. Høyforsslett, ATV Lektorlaget Dag Halvorsen, lærar Rannveig Fluge Hausnes, elevar Martin Horgen og Astrid Loftås Sandven. Frå opplæringsavdelinga: regionleiar Hillevi Runshaug og spesialrådgivar Tor Ivar Sandvik | |
| Forfall: | | Sak: 2016/300-11 |
| Møtetid: | 0830-1130 | Møtestad: Amalie Skram vgs |

Møteleiar: Hillevi Runshaug**Referent: Tor Ivar Sandvik**

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdsbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane, gjennomført skulebesøk ved Amalie Skram vgs.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen
- B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde
- C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
- D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – prosessen vidare
- E. Oppsummering og evaluering

B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde

Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid.

Det blei ikkje lagt fram eit konkret tema, men møtet diskuterte ulike område og tiltak med utgangspunkt i skulen sitt prioriterte utviklingsarbeid.

Skulen er i ein kontinuerlig prosess med å bygge organisasjon. Det gjer mellom anna at fokus på område og tiltak i utviklingsplanen har utvikla seg annleis enn kva som har vore tenkt. Organisering og gjennomføring av utviklingsarbeidet er bygd på ein mindre hierarkisk/byråkratisk modell, der leiarar og lærarar har eigarskap til ulike område og tiltak.

Store deler av innhaldet i diskusjonane fell saman med tematikk i punkt C, og er difor referert under dette punktet.

Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupa:

Helsefremjande skule: Med utgangspunkt i analyse av samanhengar frå Elevundersøkinga, ser ein ei positiv utvikling i samanhengen mellom støtte frå lærarane og fagleg utfordring. Kva vurderingar gjer skulen om kva som har påverka denne utviklinga?

Resultata frå Elevundersøkinga hausten 2014 viste at drygt ein tredel av elevane rapporterte at dei fekk mykje støtte frå lærarane og faglege utfordringar i dei ulike faga. I Elevundersøkinga hausten etter, hadde denne delen auka med om lag 10 prosentpoeng.

Noko av resultatet i undersøkinga hausten 2015 må speglast tilbake til hausten 2014, der m.a. streiken påverka oppstart av ny skule. Kollegium frå tre skular skulle slåast saman til ein ny skule, det var «høg puls» og mykje var nytt.

Det har skjedd mykje utvikling i løpet av dei knappe to åra skulen har vore i drift, lærarane er tryggare på seg sjølve, trivst betre og har kome meir på plass i ny organisasjon. Elevane blir då også tryggare på lærarane sine. Det er sannsynleg at denne tryggleiken har påverknad på resultata i undersøkinga.

I prosessen med å utvikle organisasjonen har det også vore prioritert frå leiinga si side å leggje til rette for, og prioritere samarbeid – både på trinn og på tvers av gamle kulturar. Det er ein auka merksemd på at lærarane skal samarbeide om det som skjer i klasserommet og på andre læringsarenaer.

Elevane i møtet seier dei kjenner seg igjen i resultata frå Elevundersøkinga. Med referanse til streiken førre haust og oppstart av ny skule, var det ei kjensle av å «bli kasta ut i det». Dette påverkar også miljøet ved skulen.

Eit anna høve som kan ha hatt påverknad på Elevundersøkinga er at skulen har hatt eit større fokus på, og brukt meir tid på undersøkinga dette skuleåret. Elevrådet har jobba med å formidle viktigheita av å svare seriøst på spørsmåla.

C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring

Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre sentrale spørsmål, som har innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring.

Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og resultat i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

- **Overgangane for å sikre auka fullføring?**

- ungdomsskule – vidaregåande opplæring
- mellom nivåa i vidaregåande opplæring
- mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv

Jf. punkt under om 1/IV.

- **Oppfølging av eleven si læring og utvikling og kvalitet i undervisninga**

Gjennomføring – 1/IV

Skulen har høg grad av gjennomføring, og det er få elevar som sluttar. Utfordringa er likevel at for mange elevar får 1 eller IV. Det er særleg i kroppsøving og på Service og samferdsel dette er ei utfordring.

I kroppsøving har skulen oppretta egne grupper for elevar som ikkje kan ha faget i stor gruppe. Ein lærar samlar elevane og kjører egne opplegg. Skulen har også jobba mykje med vurderingskriterier i faget. Mellom anna har det vore sterkt trykk for å unngå at lærarane måler kompetanse gjennom tradisjonell testing av ferdigheiter, og heller utvikle undervisningspraksis og vurdering til å følgje opp intensjonen med faget, som m.a. er å ruste elevane til å utvikle rørsleglede og ein fysisk aktiv livsstil.

Skulen planlegg også å utforme ein søknad om å ha vurdering utan karakter i kroppsøving.

På Service og samferdsel er det utfordringar med tal elevar som fekk IV til termin 1 i kroppsøving og matematikk. I tillegg til egne grupper i kroppsøving, har skulen også sett inn ekstra lærar i matematikk. Elevane sine føresetnader frå ungdomsskulen blei problematisert, då mange ikkje har vurdering frå 10. klasse.

Som i fjor, blei elevar på grunnkompetanse trekt fram. Mange utviklar seg godt i løpet av skuleåret, får karakterar og går vidare til Vg2.

Studietid

Med utgangspunkt i modell frå Elvebakken vgs har skulen oppretta to typar studietid – fleksibel og fast. Elevane kan her jobbe med det konkrete faget dei har fleksitid i, men kan også prioritere andre fag ved behov, t.d. ved vurderingssituasjonar.

Skulen opplever at dei har forbettringspotensiale i den faste studietida. Ordninga krev tydelege lærarar og god klasseleiing. Elevane meiner ordninga fungerer godt i mange fag, men kan variere frå klasse til klasse.

Den fleksible studietida er lagt til åtte ulike tidspunkt, der måndag og tysdag ettermiddag er mest besøkt. Matematikk er faget elevane er mest interesserte i å jobbe med, på alle fagnivå. Elevane gir uttrykk for at dei er godt nøgd med ordninga, der ein har høve til å jobbe individuelt eller jobbe saman med andre, også med elevar frå andre trinn. Lærarar er tilgjengeleg for støtte.

Ordninga med studietida krev at mål for undervisninga er kjent og at elevane er rusta til og bevisst på korleis ein lærer på best mogeleg måte. Elevane i møtet seier dei ikkje opplever mobilbruk, Facebook-bruk, og anna utanomfagleg bruk som eit problem. Mange elevar ønskjer å utnytte tida til fagarbeid.

Ordninga gir også rom for å gå på temakurs i regi av UiB, som eit ledd i samarbeidet mellom universitetet og Amalie Skram. Skulen har også vore i kontakt med UiB i forbindelse med oppretting av tilbod for elevar som har fullført matematikk R2 etter Vg2. Interesserte elevar kan følgje eit tilpassa studie som gir studiepoeng etter oppnådd vitnemål frå vgs.

IKT i læringsarbeidet

Skulen «frikjøper» lærarar gjennom redusert undervisning til å utforske korleis IKT kan styrke undervisnings- og vurderingspraksis. Det er p.t. fire løpande prosjekt, der t.d. tre lærarar utforskar korleis Google sine verktøy kan nyttast, då særleg Google apps for education/Hapara. Den skybaserte løysinga blir opplevd nyttig og ressursparande for lærarar og elevar som deltek i arbeidet. Google disk gjer at læraren har lettare tilgang på elevarbeid. Det er også eit godt verkemiddel for lærar til å skaffe seg vurderingsgrunnlag for elevar som er borte.

Møtet drøfta også videoretting som ein god metode for å vurdere elevarbeid. Det blir opplevd pedagogisk nyttig og effektiviserer læraren sin tidsbruk.

Skulen er oppteken av at det ikkje er *ein* måte å jobbe med undervisning og vurderingsarbeid på. Nye metodar blir delt steg for steg.

Internasjonalisering

Utgangspunktet for å satse på internasjonalisering er i tillegg til å auke fagkompetanse, styrke kulturkompetanse og jobbe for måla i den generelle delen av læreplanen. Elevane i møtet stadfestar at internasjonaliseringa gir god læring, både gjennom auka språk- og fagferdigheiter, men også på det kulturelle og personlege planet.

Skulen har ei internasjonaliseringsgruppe på tvers av trinn og fag. Inneverande skuleår er det nærare 300 elevar som deltek i ein form for internasjonalisering. Om lag ti prosent av Vg2-elevane er i utlandet. Skulen ønskjer at elevane reiser ut i same periode for at den ordinære undervisninga skal bli minst mogleg forstyrra.

Tilsette kan også søke om å delta i internasjonaliseringsprosjekt. Ein av møtedeltakarane hadde t.d. fått stipend for å vere ei veke på eit tysk gymnas.

Gjennom internasjonaliseringsarbeidet har skulen også fått tettare samarbeid med eksterne aktørar, som t.d. VilVite og Voss folkemuseum. I tillegg har arbeidet styrka samhandlinga med føresette. Internasjonaliseringsarbeidet har blitt ein viktig del av skulen sin aktivitet og bidrar til å gi skulen identitet og profil.

Mykje av skulen sin økonomi til utviklingsarbeid går med i internasjonaliseringsarbeidet. Ein ønskjer framover å effektivisere arbeidet utan at dette går på kostnad av elevane og dei tilsette sitt utbytte.

Samarbeid med Universitetet i Bergen

Skulen har tett samarbeid med UiB gjennom partnarskapsavtalar. Samarbeidet er knytt til fleire fakultet, og det blei nemnt at elevane kan ta begynnarfag i t.d. språkfag og innan religion. UiB er også knytt til skulen gjennom t.d. *Gabriel*, som bidreg til å styrke undervisninga gjennom å nytte reelle data i opplæringa.

Det er også knytt PhD-arbeid til skulen om temaet psykisk helse.

- **Elevmedverknad og læringsmiljø?**

Elevane vel nytt elevråd i februar, slik at det er i gang frå skulestart om hausten. Elevrådet får ofte aktuelle drøftingssaker frå leiinga, og det blir lagt planar for elevrådsarbeid og klassemøte slik at det er samheng i tematikken på dei ulike arenaene. Elevrådsstyret har også møter utanom elevrådsmøta.

Det blei gitt døme på sosiale høve som elevane i stor grad påverkar, som gjennom komitéarbeid og utstyrsbehov til treningsrom. Elevane lagar også diverse sosiale arrangement som skulefester eller ulike klubbar. Dette blir arrangert på tvers av trinn og er med å auke samhaldet hos elevane.

Av elevmedverknad knytt til læringsarbeidet blei det konkret nemnt at ved gjennomgang av Elevundersøkinga blei dei tekne med i diskusjon rundt korleis elevane kan påverke undervisninga. Mellom anna har det vore jobba mykje med vurderingsarbeidet, inkl. eigenvurdering. Elevrådsstyret har også egne møte med leiinga på skulen.

Elevane i møtet seier læringsmiljøet på skulen er godt. Dei opplever derimot eit stort karakterpress, særleg Vg1-elevar. Årsaka er at dei konkurrerer om plass på Vg2 på lik line med elevar frå andre skular. Det blei drøfta problemstillingar knytt til inntaksregelementet og fortrinnsrett frå Vg1 til Vg2. Elevenesta har også merka karakterpresset, og skulen har m.a. arrangert stressmeistringskurs for elevane.

D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – Prosessen vidare

Skulen opplever at dei i stor grad allereie arbeider etter nytt styringsdokument. Det blei likevel problematisert at lærarane ikkje er interesserte i å jobbe overordna med sjølvne utviklingsplanen – engasjementet ligg i å gjennomføre tiltaka.

Det er planlagt at kvar lærar skal ha eit aksjonsforskningsprosjekt, men skulen har ikkje kome så godt i gang med arbeidet. Det er likevel noko ein ønskjer å følgje opp vidare. Metodikken er i tråd med plattformen i styringsdokumentet, og skulen blei oppmoda om å halde fast ved planane. Aksjonsforskning som metode kan styrke samarbeidet mellom lærarane på skulen.

E. Oppsummering og evaluering

Skulen har god gjennomføring og få sluttarar, men høgt frávær, då særleg på SS. Elevtenesta jobbar bevisst med å fange opp elevar som står i fare for å ikkje fullføre.

Aktiviteten er høg på skulen, og det er ei oppfatning av at ein drar mot same mål. Skulen er kjenneteikna av å vere dynamisk og lite statisk. Det blei nemnt at utviklingsplanen bør vere eit meir dynamisk verktøy enn kva tilfelle er i dag.

Samarbeid mellom lærarane er ein nøkkel for å skape den gode undervisninga. Leiinga ønskjer ikkje å fastsetje kven som skal samarbeide med kven, men heller skape forventningar om at samarbeid skal skje. Det er sentralt for å auke individuell og kollektiv kompetanse, og auka læring for elevane.

Dei tilsette gir uttrykk for å nyte stor tillit frå leiinga, samtidig som leiinga er tydeleg på kva dei forventar. Lærarane gir også uttrykk for at elevane utfordrar dei fagleg. Arbeidsmiljøet blir opplevd stimulerande, og skulen som ein god plass å vere.

Dei kontortilsette ønskjer å bidra i mellom anna internasjonaliseringsarbeidet. Det blei også spelt inn ønskje om å sitte i arbeidsgrupper ved innføring av nye skuleadministrative system.

Det blir opplevd skjerpande å bli utfordra på tema i skulebesøka. I den samanhengen er også elevstemma viktig. Det opplevast som avgjerande at elevane skal ha ei reell stemme i sin skulekvardag og at ein ikkje legg til rette for skinndemokrati. Elevane i møtet ønskja å effektivisere elevrådsmøta og gjere klassemøta meir attraktive for elevane.